

<b>SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT UTBYTE AV OPPLÆRINGA</b>			
<b>Spørsmål som skal vurderast og svarast på</b>	<b>Ja/nei</b>	<b>Skuleleiinga si vurdering av situasjonen ved skulen – grunngjeving for svara i førre kolonne</b>	<b>Dokumentasjon, hendingar, utgreiing etc. som kan stadfeste/ underbyggje svara</b>
<b>SKULEN SITT ARBEID MED OPPLÆRINGA I FAG</b>			
1. Sikrar du som rektor for at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i faget?	Ja	Alle fagplanar vert knytt opp mot kompetansemåla i faget	Lærebøkene og fagplanane skal samsvara med kompetansemåla.
2. Sikrar du som rektor at undervisningspersonalet varetar eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa, kva som blir vektlagt i vurdering av kompetanse og kva som er grunnlaget for vurderinga?	Ja	Lærarane er opptekne med at elevane er kjende med både kompetansemål og kva som vert vektlagt ved vurdering.	<p>Skulen si heimeside: <a href="http://www.minskole.no/meland">www.minskole.no/meland</a>          Her har kvart trinn sine sider(8.,9.,10.), og herunder kvar klasse si side igjen (8a,8b osv)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• På den einskilde klasse si side ligg fagplanane for dei ulike faga.</li> <li>• Fagplanane – med mål for opplæringa – ligg på skulen si heimeside/sida til den enkelte klasse – i tillegg til at elevane får papirutgåve og får gjennomgått denne ved starten av kvart semester.</li> </ul>

			Døme:  Planane for 9b i faga engelsk, kroppsøving og matematikk.  • <a href="#"><u>Halvårsplan i engelsk 9.kl</u></a>  • <a href="#"><u>Kroppsøving halvårsplan høst-14</u></a> • <a href="#"><u>Årsplan matematikk</u></a>  Tilsvarande finn ein planar for alle fag / trinn på dei respektive klassane sine sider.  Viser elles til kommentar(«lenke») under spørsmål 12.
3. Sikrar du som rektor at opplæringa samla dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet og dei individuelle opplæringsmåla i IOP?	Ja	Halvårs- og årsplanane skal samla dekka kompetansemåla for 8.-10.trinn.	
<b>INDIVIDUELLE OPPLÆRINGSPLANAR</b>			
4. Utarbeider skulen IOP kvar år for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning?	Ja	Fast rutine at alle som har §5,1-vedtak, skal ha fått utarbeidd IOP seinast innan 15.sept.	Alle IOP'ar er arkivert på skulen / i eleven si mappe.
5. Samsvarar innhaldet i IOP med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa (eventuelle avvik frå LK06)?	Ja	For dei fleste med IOP er det snakk om forsterka støtte for å følgja planen etter LK06. Ofte er det snakk om å få enkelte læremiddel (lydbøker, PC osv)	For enkelte er det snakk om å konsentrera seg om hovud-/kjerne-lærestoff.

## Eigenvurdering av regelverksetterleiving

## For leiinga ved skulen

6. Omfattar IOP mål for opplæringa der IOP-en vik frå LK06?	Ja	I særskilde høve er diagnose/funksjonsnedsetting av eit omfang som gjer at det ikkje er realistisk å oppfylla læremåla i Kunnskapsløftet.	For den einskilde ligg det føre utgreiingar og uttalar frå ulike instansar innan helsevesenet, t.d. I Kroppsøvingstimane har enkeltelevar trening med fysioterapeut, t.d.
7. Har skulen implementert rutine for å sikre at ein ser tilbodet om spesialundervisning i samanheng med planane for den ordinære opplæringa (til klassen)?	Ja	Det ligg i "ryggmargen" for oss som har arbeidd lenge i skulen i Meland, at ingen skal bli sett på som "spesial-elev", men er ein elev med særskilde hjelpebehov.- Meland har som slagord "eit samfunn for alle", og også skulen skal vera "ein skule for alle". At nokon må ha særskilt opplegg, hindrar ikkje at den einskilde elev alltid høyrer til i ein ordinær klasse,- og følgjer klassen sine planar så langt det let seg gjera.	Timeplanen for dei med IOP er alltid (så langt råd er) tilpassa planane til klassen elles.

<b>INDIVIDUELL UNDERVEGSVURDERING</b>			
8. Rettleier lærarane elevane om kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til?	Ja	Viser til det som er skrive under punkt 1-3.	Alle faglærarane skal rettleia elevane om planar og kompetansemål
9. Rettleier lærarane elevane i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget?	Ja	Vurdering for læring er etter kvart blitt eit "vanleg" begrep i opplæringa . Det "nye" med at innsats og føresetnader tel med i KØ-vurderinga, gjer også dette faget meir "interessant" – det er eit fag ikkje "berre" for toppidrettsutøvarar...	Drøfting av vurderingskriterie i dei ulike faga er ein kontinuerleg prosess.
10. Gjev lærarane elevane tilbakemeldingar på kva dei meistrar i faga?	Ja	Det er god, "gammal" pedagogikk å løfta fram det positive i læringssitasjonen, og byggja vidare på det. Utfordringa i ungdomsskulen kan av og til vera at tilbakemeld på kva dei meistrar, ikkje automatisk betyr at dei får karakteren 6 ---!	Både skriftlege og munnlege tilbakemeldingar er vanleg i alle fag.
11. Rettleier lærarane elevane om kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faget?	Ja	Tilbakemeldingar inneholder både det dei meistrar og kva dei må gjera for å få endå høgare meistringsnivå.	Dei siste åra har vi ved MUS hatt klassedeling i minst 1 time /veke i dei skriftlege faga ( i tillegg til dei praktiske faga). Dette er med å gjera det lettare for faglærar å få individuell oppfølging av den enkelte elev.

12. Syter lærarane for å involvere elevane i eige læringsarbeid?	Ja	Ved å bruka <b>veke-/arbeidsplanar</b> (veke 40) må elevane ta ansvar for eiga læring. Etter kvart som eigenvurdering er blitt vanleg for elevane, merkar vi at klage på standpunktcharakter har gått betrakteleg tilbake,- dvs det er nesten heilt slutt på det.	Både testar og eigenvurderingsskjema / kapittelprøvar/ presentasjonar osv er med og involverer elevane i læringsarbeidet.
13. Har skulen implementert rutine for halvårvurdering og årsrapportering ved spesialundervisning der det: a) blir gjeve informasjon om eleven sin kompetanse i faga? b) blir gjeve rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin?	Ja	I samband med innkalling til Utviklingssamtalen (kontaktlærarelev/foreldre) midt i haust -og vårsemesteret, fyller eleven ut eit "spørjeskjema" der alle faga i tillegg til det psyko-sosiale miljøet vert vurdert. I denne samtalen blir det både gjeve informasjon om kompetansen i dei ulike fag og rettleiing om korleis kompetansen kan hevast.	Alle faglærarar skriv kommentarar til kvar elev før Utviklingssamtalen. Kontaktlæraren har elevsamtale med den enkelte elev i forkant av Utviklingssamtalen. Til jul og sommar vert det delt ut karakterkort og til sommaren vert det skrive årsrapport ved spesialundervisning
14. Har skulen implementert rutine for å sikre at lærarane systematisk vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbyte av opplæringa?	Ja	Prøvar og testar av ymse slag ligg til grunn for at lærar kan be om møte med PPT for å diskutera evt trong for anna "opplegg".	2 gonger i semesteret har PPT ein dag på skulen, der enkeltlærar "bestiller" time ved å setja seg opp på ein "timeplan", administrert ved rektor.
15. Sikrar rutinen at det for elevar som ikkje får tilfredsstillande utbyte av opplæringa, blir gjennomført vurdering av: a) Arbeidsmåtar? b) Vurderingspraksis? c) Læringsmiljøet?	Ja	Jfr spm 14 – i etterkant av desse møta vert nettopp slike vurderingar gjennomført.	

## Eigenvurdering av regelverksetterleiving

**For leiinga ved skulen**

16. Gjennomfører skulen tiltak der det blir avdekt at elevane ikkje har tilfredsstillande utbyte av opplæringa?	Ja	I enkelte tilfelle har vi erfart at t.d.ein eller ein halv dag med anna arbeid (utanom skulen) verkar svært positivt for arbeidet på skulen.	Vi har brukt "Rover" (eit slags skuleskip), "Inn på tunet", MAKSt( Meland arbeids-og kompetansesenter) m.fl. For framandspråklege har vi brukt ein regional fellesdag i Knarvik. P.g.a.budsjettkutt siste året har vi ikkje hatt nokon på desse tiltaka siste skuleår.
---	----	--	--

<b>SPESIALUNDERVISNING</b>			
17. Har skulen implementert rutine for a) å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning? b) at lærar meldar behov for spesialundervisning til rektor?	Ja	<p>a) I god tid før neste skuleår (dette året er det den 15.desember) har skulen eit møte med PPT og barne-/avleveringsskulane for å gjennomgå evt behov for spesialundervisning / ny sakkunnig vurdering.</p> <p>b) Lærarar vert oppmoda til "utan opphør" å ta kontakt med rektor for å melda evt trøng for spesialundervisning. Sjå elles svar under pkt 14.</p>	
<b>SÆRSKILT SPRÅKOPPLÆRING</b>			
18. Har skulen implementert rutine for kartlegging av elevane sine ferdigheter i norsk?	Ja og Nei	<p>Kjem elevane frå ein barneskule, har dei vorte kartlagde der. Når ein elev kjem direkte frå heimlandet til skulen vår, og han berre snakkar t.d. rumensk eller polsk, heller ikkje engelsk, set vi i gang med norskopplæring med ein gong.</p> <p>Elles nyttar vi kartleggingsmateriellet som ligg på Udir sine sider.</p>	Kommunen har eige søknadsskjema for særskild norskopplæring, og mal for svar på søknaden.
19. Dersom eleven har behov for særskilt norskopplæring; har skulen rutinar som sikrar at det blir vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring?	Ja	<p>Det er stor skilnad på ein som har gått vanleg skule i eit europeisk land, og ein analfabet som kjem rett frå ein flyktningeleir i Afrika.</p> <p>Det er to forskjellige "planetar" å driva særskild norskopplæring på.</p>	Søknadsskjemaet omtalt i pkt 18 omhandlar også morsmåls- og tospråkleg opplæring. I slike tilfelle samrar vi oss med PPT og evt NAV (gjeld flyktningar)

Eigenvurdering av regelverksetterleiving

**For leiinga ved skulen**

20. Blir elevar med vedtak om særskilt språkopplæring kartlagde undervegs i opplæringa?	Ja	Nyttar testar / prøvar som ligg på Udir sine sider i samband med Opplæringslova § 2-8 og kartleggingsmateriell til dette.	
---	----	---	--